

Kjem gullet neste år?



Marit Hjørnevåg med fiskepuddingen som kanskje til slutt blir gullpudding

For eitt år sidan fekk vår dyktige sjømatbedrift Brødrene Hjørnevåg sølvmedalje nummer 5 i NM og verksemda har også fått ein bronsemedalje sidan årtusenskiftet. Men gullet lar venta på seg og mange spør om det kanskje kjem i år. Svaret er nei av den enkle grunn at det er 2 år mellom kvart NM. Dermed er neste gullsjanse på Lillestrøm vinteren 2013.



[Her er det også plass til gull!](#)

Her er merittlista til den framgangsrike produsenten på Børnes:

- 2001: Sølv i fiskepudding
- 2002: Sølv i fiskekakar
- 2004: Sølv i fiskepudding
- 2006: Bronse i fiskepudding
- 2008: Sølv i fiskepudding

2010: Sølv i fiskepudding

Som ein ser er det fiskepuddingen til Hjørnevåg som gjer sterkast inntrykk på dommarane. Og det er ein fiskepudding med tradisjonar ettersom oppskrifta framleis er den same som Henrik Hjørnevåg frå Gulen i Sogn opererte med då han etablerte eigen sjømatbedrift i Rosendal i 1948. Med andre ord var dette grunnproduktet,

No er det tredje generasjon Hjørnevåg som står i spissen og dagleg leiar Marit trekk gjerne fram 3 faktorar når ein spør henne om grunnen til at verksemda tevlar om gull i Noregstoppen:

Gode oppskrifter, gode råvarer og gode medarbeidarar.

Og kva er det så den berømte fiskepuddingen inneheld? Er oppskrifta like hemmeleg som cola-oppskrifta?

- Slett ikkje, den står på kvar pudding, seier Marit. Resepten består av fersk fisk, mjølk, stivelse og spennande krydder. Og all fiskematen til Hjørnevåg blir produsert på tilnærma resepten til gamle Hjørnevåg.

Apropos medarbeidarar: Hjørnevåg er prega av stor stabilitet og det er sikkert mykje av forklaringa på suksessen. Verksemda har lenge hatt 12 tilsette. 8 av dei er fagarbeidarar og 4 tilhøyrer familien.

Det er lagt stor vekt på effektivisering og rasjonalisering i dei seinare åra og 30 millionar er forlengst passert i omsetnad. Produktiviteten er høg og også rekneskapsresultata er svært positiv lesnad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



NM-plakettane når nesten taket